

Fra: John Grimeland (john.grimeland@ulvik.kommune.no)

Sendt: 30.11.2015 14:55:12

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Høyringsutkast energi- og miljøplan 2016-2020

Vedlegg: ATT00001.bin;Høyringsframlegg - Energi- og miljøplan 2016-2020 Ulvik herad - Kopi.doc.pdf

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:

15/16-6/K2 - S00, K3 - &30/948

Direkte innval:

56 52 70 23

Stad/Dato:

30.11.2015

Høyringsutkast energi- og miljøplan 2016-2020

Formannskap - 056/15:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 og i samsvar med vedtak i formannskapet 28.01.15, vedtek formannskapet som det faste utvalet for plansaker, å leggja kommunedelplan for energi og miljø 2016-2020 ut til offentleg høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til **22.01.2016**

Med helsing

John Grimeland
Plan og byggjesak

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utlvalssak
Formannskap	25.11.2015	056/15

Sakshandsamar Grimeland,John	Arkiv: K2 - S00, K3 - &30	Arkivsaknr 15/16 - 4
---------------------------------	------------------------------	-------------------------

Høyringsutkast energi- og miljøplan 2016-2020**Vedlegg:**

Høyringsframlegg - Energi- og miljøplan 2016-2020 Ulvik herad - Kopi.doc

Saksutgreiing:

Formannskapet i Ulvik herad gjorde på møte den 28.01.2015 vedtak om å starta arbeidet med revisjon av gjeldande kommuneplan for energi og miljø for Ulvik herad.

Gjeldande Energi- og miljøplan for Ulvik herad 2009-2013 vart vedtatt 21.10.2009. Sak 060/09.

Planen inneheld ei oversikt over status i heradet når det gjeld energibruk og utslepp av klimagassar innanfor ulike sektorar, samt omtale og vurderingar av mogelege tiltak for reduksjon av utslepp og energibruk.

Føremål med planen er å ha ein heilskapleg styrereiskap for planarbeid og forvaltning innan energi, klima og miljø.

Revisjonsarbeidet er utført av teknisk sjef Jarle Grevstad, skogbrukssjef Lars Præstiin og John Grimeland plan og byggjesak.

Vurdering:

Energi- og miljøplanen tar opp viktige utfordringar, korleis me kan redusera utsleppa av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og med meir fornybar energi, og korleis me best mogleg kan tilpasse oss klimaendringane.

Heradet er stor tenesteproducent, eigar av bygg, anlegg og infrastruktur og har ansvar for vatn, avlaup og avfall. Heradet er planstyremakt og gjev føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftssareal og lokalt vegnett, inklusiv gangveggar og sykkelveggar. Heradet er lokalmynde på forureining og beredskap.

Energi- og miljøspørsmål rører ved ein stor del av Ulvik herad sine oppgåver, og heradet har mange moglegheiter til å påverke utviklinga.

Gjennom forvaltning av lover, forskrifter og retningslinjer kan det stillast krav til miljøvennlege løysingar ved utbygging, ombygging og rehabilitering. Gjennom kommunale tenester, og som eigeomsforvaltar, kan heradet leggja stor vekt på å etablere miljøvennleg løysingar og utføre tenester på ein måte som er til minst mogleg belastning for miljø og klima. Gjennom rolla som samfunnsutviklar kan heradet arbeide

målbevisst for at innbyggjarar, organisasjonar og næringslivet i fellesskap deltek i arbeidet for å redusere klima- og miljøtrusselen. Heradet er også ein stor arbeidsgivar og betydeleg innkjøpar.

Innanfor alle desse områda kan heradet leggja til rette for meir effektiv energibruk og reduserte klimautslepp i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet. Heradet står nærast og møter innbyggjarane i ulike samanhengar i kvardagen. Det er viktig at heradet legg til rett for at innbyggjarane kan ta gode miljø- og klimaval i sin kvardag.

Ved å revidera kommunedelplan for energi og miljø har heradet ein reiskap for å sikre heilskapsomsyn i alle saker som vedrører energi, klima og miljø i heradet. Dette gjeld først og fremst innanfor heradet sin eigen aktivitet, men gir og rom for å påverke både næring og privathushald elles.

Ulvik herad vil på denne måten få ein langsiktig og berekraftig strategi for energi- og klimaarbeidet tilpassa dagens klimautfordringar og basert på siste kunnskap. Dette inneber å arbeide for reduserte utslepp av klimagassar og synleggjere gode tiltak innanfor energieffektivisering og energiforsyning. Arbeidet med både planen og tiltaka vil heve kompetansen internt i heradet, og gjere Ulvik betre kvalifisert til å løyse utfordringane knytt til energi og klima.

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 og i samsvar med vedtak i formannskapet 28.01.15, vedtek formannskapet som det faste utvalet for plansaker, å leggja kommunedelplan for energi og miljø 2016-2020 ut til offentleg høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til **22.01.2016**

25.11.2015 Formannskap

FSK- 056/15 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 og i samsvar med vedtak i formannskapet 28.01.15, vedtek formannskapet som det faste utvalet for plansaker, å leggja kommunedelplan for energi og miljø 2016-2020 ut til offentleg høyring.
2. Høyringsfristen vert sett til **22.01.2016**